



Her er ei skildring av det oppdraget som vi har fått frå Justis- og beredskapsdepartementet via DSB, og som vi treng hjelp frå dykk til å gjennomføre:

1. Kartlegge, og lage eit oversyn over moglege område og lokale som raskt skal kunne takast i bruk i ein akutt situasjon, som mellombels innkvartering av personar. Dette gjeld i den første fasen etter at flyktingen er komen til landet og ønsker å søke asyl (beskyttelse).
2. Kartlegge og lage oversyn over bustadmasse som i ein ekstraordinær situasjon kan nyttast til mellombels busetjing av fordrivne, i fasen etter at asyl er innvilga og dei er klar for å verte busett i ein kommune. Kartlegginga skal omfatte statlege og kommunale eigedommar som raskt kan gjerast tilgjengelege, i tillegg til private eigedommar som kan vere aktuelle å leige.

Rammer for kartlegginga etter pkt. 1) ovanfor:

- Det er lagt til grunn at Vestland skal ha ein kapasitet til å innkvartere minst 1500 personar i minimum to månadar.
- Stadane for innkvartering som skal kartleggast skal kunne ivareta omsynet til liv og grunnleggande helsebehov i påvente av plass i akuttmottak og ordinære mottak.
- Kartlegginga skal ikkje omfatte hotell, men kan t.d. vere bustadbrakker, lagerbygningar, pensjonat og ferieheimar, idrettshallar, studentbustadar og konferansesenter. Parkeringsplassar eller andre område som kan vere eigna som teltleirar er òg aktuelle.
- Lokala bør ha plass til minst femti personar.
- Den mellombelse innkvarteringa kan ha lågare standard enn eit akuttmottak. Vurderinga av om eit lokale er eigna, skal ta utgangspunkt i kriteria som er lista opp nedanfor. Vi understrekar likevel at det ikkje er absolutte krav men vurderingskriterium:
 - ✓ Samsvar med forskrift om brannførebygging.
 - ✓ Andre tryggleikssyn vurdert i samråd med politiet og andre aktørar.
 - ✓ Tilgang til nødvendige helse- og velferdstenester.
 - ✓ Høve til skjerming av kvinner og barn.
 - ✓ Høve til å legge til rette for privatliv.
 - ✓ Kapasiteten til lokala (ut over 50 sengeplassar, stordriftsfordelar).
 - ✓ Tilgang på mat (servering på staden, tilkøyring av mat eller eige kjøken).
 - ✓ Sanitære forhold (tilgang til dusj og toalett).
 - ✓ Tilgjenge (kollektivtransport, nærleik til butikkar osv.).
 - ✓ Tilgang til Internett og TV.
 - ✓ Konsekvensar for ordinære brukarar av lokala.
 - ✓ Om lokala er eigna for lengre opphald (meir enn to månadar)

Kriteria ovanfor skal vurderast frå 0 til 3 (kor 0 betyr at lokalane ikkje tilfredsstillar kriteria i det heile tatt, 1 betyr i liten grad, 2 i moderat grad, og 3 i stor grad), og avslutningsvis skal lokala rangerast ut ifrå eignaheit.

Rammer for kartlegginga etter pkt. 2) ovanfor:

- Kartlegginga kjem i tillegg til det ordinære busetjingsarbeidet som kommunane allereie gjer.
- Bustadmassen kan ha lågare standard enn ordinære bustadar som vert nytta til busetjing.
- Det kan t.d. vere brakkeløysingar, privatbustadar, fritidsbustadar og vandrarheimar.
- Bustadmassen bør eigne seg til opphald i minst eitt år.
- Bustadmassen kan ha lågare standard enn bustadar som normalt vert brukt til busetjing. Det gjeld t.d. avvik frå gjeldande krav og regelverk.



Statsforvaltaren i Vestland

- Disse kriteria skal likevel vere ein del av vurderinga av om bustadmassen er eigna:
 - ✓ I kva grad bustaden har tilfredsstillande sengeløysingar, varmekjelder og høve til matlaging.
 - ✓ Om bustaden har tilfredsstillande toalett og dusjforhold.
 - ✓ Oppfyljing av krav i forskrift om brannførebygging.
 - ✓ Høve til tilrettelegging for spesielle behov (eks. rullestolbrukarar).
 - ✓ Om bustaden er eigna for familiar eller bufellesskap.
 - ✓ Om bustaden er eigna for husdyr.
- Bustadmassen som vert kartlagt no vil ikkje nødvendigvis vere tilgjengeleg når ein ekstraordinær situasjon oppstår. Statsforvaltarane og kommunane vert difor bedt om og å vurdere rutinar for vedlikehald av oversynet.

Arbeid seinare i haust:

Med grunnlag i oversyna frå statsforvaltarane, vil DSB saman med andre nasjonale styresmakter gjere ei vurdering av kva lokale og område som er mest eigna til føremålet. I starten av oktober vil statsforvaltarane og kommunane få i oppdrag å utarbeide ein plan for korleis dei aktuelle områda, lokala og bustadmassen kan takast bruk viss situasjonen gjer det nødvendig.

Det er ikkje forventa at det skal planleggast detaljert for korleis innkvarteringsstadane og bustadane skal driftast. I planlegginga skal det likevel skildrast kva prosessar som er nødvendige i så måte, og kva aktørar som må involverast i etablering og drift. Denne planlegginga skal vere gjennomført før utgangen av oktober.